

Kontrollutvalget i Bjerkreim kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	09.09.2013
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	4-2013

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
20/13	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
21/13	Budsjett for kontroll og tilsyn - budsjettforslag 2014
22/13	Rekneskapsoversikt pr. 31.07.2013, kontrollutvalets budsjett
23/13	Utvelging av prosjekt for bestilling av forvaltningsrevisjon i 2014
24/13	Forslag til møteplan for 2014
25/13	Statusoversikt pr. september 2013
26/13	Revisors uavhengighetserklæring 2013
27/13	Orientering om overordna revisjonsstrategi for rekneskapsåret 2013

Referatsaker/meldinger

Periode:		03.06.2013 - 09.09.2013
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
1/13	13/00049-5	Vedrørende besøk ved Bjerkreim kommune den 09.04.2013
2/13	13/00052-4	Kommunestyrets vedtak av selskapskontroll Interkommunalt Arkiv i Rogaland

Vennligst meld eventuelt forfall snarest på telefon 51 33 65 90 evt. mobil til sekretær eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som anser seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkalles.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Vikeså, 02.09.2013

Magne Vaule
Leder av kontrollutvalget

Wencke S. Olsen
Sekretariatet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje underskrift

20/13 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Arkivsak-dok. 13/00050-5

Arkivkode. 033

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	09.09.2013	20/13

Protokoll frå kontrollutvalets møte den 3. juni vart lagt fram for endelig godkjenning.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå utvalets møte den 3. juni 2013.

SANDNES, 05.07.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Protokoll av 03.06.13](#)

[Tilbake](#)

21/13 Budsjett for kontroll og tilsyn - budsjettforslag 2014

Arkivsak-dok. 13/00156-1
 Arkivkode. 151
 Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	09.09.2013	21/13

Bakgrunn:

Forskrift om kontrollutvalg pålegg utvalet ansvar for å utarbeida budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Budsjettet skal omfatta alle utgifter til kontrollutvalets arbeid. Kontrollutvalets budsjettvedtak skal i høve til forskrifta leggjast fram for kommunestyret i forbindelse med at kommunens samla budsjett for 2013 skal vedtas. Kontrollutvalets forslag kan ikkje endrast av administrasjonen¹.

Kontrollutvalets ansvar for utarbeiding av eige budsjettforslag inneberer også eit ansvar for regnskap og regnskapsoppfølging.

Saksutredning:

Forskrifta pålegg kommunen å ha eit kontrollutval, ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor i hovudsak kun lovpålagte oppgåver.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt: Utgifter til kontrollutvalets arbeid (godtgjersle, kurs- og reiseutgifter m.m.) samt utgifter til sekretariat og revisjon.

Kontrollutvalets utgifter

Kontrollutvalets utgifter består av møtegodtgjersle til kontrollutvalets medlemmer, utgifter til kjøring/ transport, kurs m.m. . Utvalets medlemskap i FKT høyrer også med her, dette er ei utgift som kjem så lenge kommunen er medlem. Fjorårets budsjett er vidareført med endring av utgifter til kurs og opplæring, som er auka. Det er viktig at kontrollutvalets medlemmer har høve til å delta på nasjonale kurs for å få ei god innsikt i si rolle og sine arbeidsområde, samt generelt høve til å oppdatera seg innafor fagfeltet. Samla sett er budsjett for kontrollutvalets utgifter auka med ca- 4%. Kontrollutvalets budsjettforslag har blitt redusert ved endelig budsjettvedtak dei siste åra. Det er uklårt om dette skuldast endringar frå administrasjonen eller politisk. Administrasjonen har (sjå merknad innleiingsvis) ikkje høve til å gjera endringar i kontrollutvalets budsjettforslag.

Revisors budsjettforslag:

Kommunen er medeiger i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS. Budsjettet omfattar utgifter til forvaltningsrevisjon, regnskapsrevisjon, attestasjonar og møter i kontrollutvalet.

Sekretariatet har mottatt forslag til budsjett frå revisor. Budsjettet er behandla og godkjent av styret i Rogaland Revisjon IKS og skal vedtas av representantskapet seinare i haust.

¹ Jfr. bl.a. Kontrollutvalgsboka s. 25 m/referanser

Revisors budsjett omfattar i grove trekk utgifter til regnskapsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i høve til planer vedtatt av kommunestyret, samt oppmøte i kontrollutvalet. Revisor har i sitt budsjettforslag justert opp timeprisen. Timetalet er justert ned, slik at samla pris dermed og har gått litt ned. Revisor gjer merksam på at sidan timetalet er justert ned, er budsjettet svært stramt. I kva grad kommunen sjølv legg til rette for revisor vil derfor vera avgjerande for at budsjettet skal halda.

Sekretariatets budsjettforslag:

Sekretariatet har fått ein del ekstra utgifter til pensjon, då ein av våre tidligare arbeidstakarar nå er AFP-pensjonist. Sidan vi kun er 3 tilsette merkes dette godt. Sekretariatet har likevel klart å halda auken i grunnbeløpet på eit akseptabelt nivå. Dette skuldast både eit nytt medlem i sekretariatet (Klepp kommune) og bruk av pensjonsfond. Endelig avrekning foretas ved rekneskapsavlegging.

Kommentar til samla budsjettforslag

Det vises til vedlegg for samla oversikt over budsjettforslaget for 2013. Kommunen betaler meirverdiavgift på kjøp av tenester frå sekretariat og revisor. Desse vert refundert, slik at denne posten skal gå i 0.

Det vert foreslått eit samla budsjett på kr. 494.000,- eks. mva. for kontroll og tilsyn for 2014, det er ein auke på ca. 4,5% i forhold til kommunestyrets vedtekte budsjett for 2013. Kontrollutvalets forslag til budsjett 2013 vart redusert ut frå kontrollutvalets forslag. Sekretariatet føreset at reduksjonen er gjort av formannskap/kommunestyre i tråd med forskriftene og ikkje av administrasjonen.

Dersom kommunestyret vedtar endringar i kontrollutvalets budsjettforslag må dette meddelast kontrollutvalets administrasjon. Endringar gjort i 2013 har ikkje blitt meldt i høve til tilsvarande vedtak.

FORSLAG TIL VEDTAK:

- **Kontrollutvalet i Bjerkreim går inn for eit samla budsjetttramme for kontroll og tilsyn for 2014 på kr. 494.000,-ekskl. mva.**
- **Eventuelle endringar i budsjettforslaget gjort av kommunestyret må meddelast kontrollutvalets administrasjon.**

SANDNES, 05.07.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Budsjettforslag 2014](#)

[Tilbake](#)

22/13 Rekneskapsoversikt pr. 31.07.2013, kontrollutvalets budsjett

Arkivsak-dok. 13/00233-6
Arkivkode. 212
Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	09.09.2013	22/13

Bakgrunn:

Som ein konsekvens av kontrollutvalets ansvar for å leggja fram årlege budsjettforslag for kontroll og tilsyn (eiga sak) følgjer også ansvar for budsjettoppfølging overfor eige budsjett. Rapporten baserer seg på mottatte opplysningar frå Bjerkreim kommune pr. 31.07.13, (vedlegg), revisors tertialrapport pr. 31.07.13 (vedlegg) og sekretariatets rekneskap pr. 31.07.2013.

Saksutredning:

Kommunen rapporterer tertialvis, og 2. tertial er pr. 31.08. Revisor rapporterer imidlertid alltid i samband med oversending av budsjettforslaget for kommande år, som er pr. 31.07. Rekneskapsoversikta er derfor sett opp pr. denne datoen. Gjennomsnittlig forbruk pr. 31.07. ligg på ca. 58% av budsjettet. For revisor vil det likevel variera i løpet av året, då nokre periodar er meir arbeidsintensive enn andre. Sekretariatet fakturerer eit fast beløp i 3 terminar, og skal derfor ligga på normalforbruket i forhold til kontrollutvalets budsjettforslag. At beløpet er litt høgare denne gongen skuldast at rekneskapet ikkje vil stemma overens med gjennomsnittsforbruket før pr. 2. termin, som er 31.08.

På dette tidspunktet vil oversikta frå selskapa (revisor og sekretariat) gi det rettaste bildet av forbruket innafør dette området, då det viser faktisk forbruk i perioden. Kommunens oversikt viser kva som er postert i rekneskapet pr. 31.07.2013. Det kan derfor vera rekningar som ikkje er postert eller fakturaer som ikkje er sendt på rapporteringstidspunktet.

Når det gjeld utgifter til sekretariat har kommunen ikkje budsjettert med styrets oversendte vedtak ang. grunnbeløp, og forbruket ligg derfor over budsjettet (77%).

Revisors oversikt stemmer omtrent med det som er oppgitt frå kommunen.

Samla sett er det likevel ingen signaler som tyder på at kontrollutvalets budsjett for 2013 vil få større overskridingar, sjølv om eit samla forbruk på 62,7% er litt over normalforbruket.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar rekneskapsoversikta pr. 31.07.13 til orientering.

SANDNES, 05.07.2013
Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Rekneskapsoversikt](#)

[Tilbake](#)

23/13 Utvelging av prosjekt for bestilling av forvaltningsrevisjon i 2014

Arkivsak-dok. 13/00279-1
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	09.09.2013	23/13

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal i tråd med Plan for forvaltningsrevisjon – som er vedtatt av kommunestyret i 2012 – gjennomføra årleg forvaltningsrevisjon.

Saksutredning:

Ifølgje planen vart det kun prioritert eitt prosjekt; vedlikehald. Dette prosjektet vil bli gjennomført i 2013. I tillegg slår planen fast at kontrollutvalet i resten av perioden skal prioritera blant desse prosjekta:

- **Beredskap:** Har kommunen gode nok beredskapsplanar? Med bakgrunn i klimaendringar og erfaringar etter 22. juli – er kommunen forberedt på det uventa? Er kommunens planar realistiske, godt nok oppdatert samt kjent i organisasjonen?
- **Bygg/byggesaker.** Gebyr, fristar, byggeleing, bemanning – kostnader ved tilsetjing av eigne medarbeidarar kontra innleidd arbeidskraft
- **Kommunale arkiv:** Manglar i arkivet kan gå ut over innbyggjaranes rettar, for eksempel ved erstatningssaker. Eventuelt tap av arkiv kan bli politianmeldt, jfr. anmelding av Stor-Elvdal kommune.
- **Pensjon.** Korleis kan kommunen få betre oversikt over kva for kostnader som vil komme framover, slik at man kan få mest mulig realistiske budsjett?
- **Sjølvkost.** Vatn og avlaup. Vert s regelverket etterlevd, er berekningane realistiske?
- **Vassmålarar i landbruket.** Vert regelverket følgt, må det evt. justerast?
- **Økonomi.** Er budsjettoppfølginga overfor avdelingane god nok dersom man i liten grad klarer å fanga opp årets resultat ved 2. tertial/budsjettframlegg for neste år? Burde det vore rapportert oftare til formannskapet?

Kontrollutvalet har og høve til å fråvika planen dersom det skulle dukka opp nye prosjekt som er meir aktuelle.

Sekretariatet vil spesielt peika på områder som Beredskap, Sjølvkost og Økonomi som mest aktuelle, men òg Plan/byggesaker. Temaet pensjon er stort, men det er eit område der det kan vera vanskeleg å få fram gode svar, samstundes som det og er svært regelstyrt (aktuarstyrt). Vassmålarar i landbruket er og ei politisk sak. Når det gjeld kommunens arkiv, har det ikkje kome fram noko som skulle tilseie at desse ikkje har blitt tatt godt vare på. Kontrollutvalet kan sjølv sagt sitte inne med andre opplysningar på desse områda som kan gjere dei meir aktuelle.

Kontrollutvalet har og vedtatt i Plan for selskapskontroll at det i løpet av perioden skal gjennomførast ein eigarkontroll av Bjerkreim kommune. Av økonomiske grunnar bør denne gjennomførast over 2 år. Sekretariatet foreslår at denne vert gjennomført i 2014/2015, og at den og vert bestilt i løpet av denne hausten.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim ber revisor om å leggja fram utkast til prosjektmandat til neste møte på desse prosjekta:

- Forvaltningsrevisjon innafor
- Obligatorisk selskapskontroll: Eigarskapskontroll av Bjerkreim kommune. Dette prosjektet skal gjennomførast i 2014 og 2015.

SANDNES, 05.07.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

[Tilbake](#)

24/13 Forslag til møteplan for 2014

Arkivsak-dok. 13/00217-3

Arkivkode.

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	09.09.2013	24/13

Bakgrunn

Med utgangspunkt i møteplan for 2013 har sekretariatet laga eit forslag til møteplan for 2014. Normalt har kontrollutvalet 4 – 5 møter i året.

Saksutgreiing

Som nemnt har kontrollutvalet normalt 4 – 5 møter i året, 2 – 3 om våren og 2 om hausten. Møter kan avlysast dersom det er liten saksmengde. Det er òg mogleg å ha ekstra møter om det er behov.

På møtet i april skal kontrollutvalet behandla årsrekneskapen. Dette møtet må difor tilpassast kommunen sin møteplan, då formannskapet i følgje forskrifta må kjenne kontrollutvalet si uttale om årsrekneskapen før dei innstillar til kommunestyret. I møteplanen har me førebels sette inn 7. april, men dette kan bli endra når kommunen sin møteplan er vedteken. Me vil då gje beskjed om dette så snart me vert kjent med møtedatoane.

Møtedag har vore måndag, og møtetidspunkt kl. 08.30. Møtedatoar og dagar skal tilpassast 16 andre utval, slik at det kan vere vanskeleg å endre på denne. Dersom utvalet likevel føretrekker ein annan dag, vil me strekke oss så langt me kan for å få dette til.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtek følgjande møteplan for 2014:

Dag	Dato	Tidspunkt	Kommentar
Måndag	17.02.14	08.30	
Måndag	07.04.14	08.30	Foreløpig dato
Måndag	02.06.14	08.30	Utgår om få saker
Måndag	08.09.14	08.30	
Måndag	24.11.14	08.30	

SANDNES, 18.06.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

[Tilbake](#)

25/13 Statusoversikt pr. september 2013

Arkivsak-dok. 13/00051-7
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	09.09.2013	25/13

Bakgrunn:

Statusoversikta er kontrollutvalet sitt verktøy til å følgja saker som går fleire møter. Det gjeld først og fremst forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som skal følgjast frå dei vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. I tillegg vil òg andre type saker som krev oppfølging bli tatt inn i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing:

Oversikta inneheld tabellar over prosjekt som kontrollutvalet arbeider med eller som er ferdigstilte. Først ei oversikt over pågåande prosjekt, deretter ei oversikt over prosjekt som er behandla i kontrollutvalet, men der oppfølging av kommunestyrets vedtak ventar og til slutt ei oversikt over ferdigstilte prosjekt i den inneverande perioden.

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Utvalet er likevel delegert mynde til sjølv å oppdatera planen dersom spesielle omsyn gjer det ønskjeleg å prioritera andre tiltak. Nye plan for forvaltningsrevisjon vart vedtatt av kommunestyret hausten 2012.

Til dette møtet ligg det føre eia sak om bestillingar av prosjekt for levering i 2014/2015.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoversikta pr. september 2013 til orientering.](#)

SANDNES, 05.07.2013

Wencke Sissel Olsen
 Daglig leder

Vedlegg:
[Statusoversikt](#)

[Tilbake](#)

26/13 Revisors uavhengighetserklæring 2013

Arkivsak-dok. 13/00280-2
 Arkivkode. 037
 Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	09.09.2013	26/13

Bakgrunn

Oppdragsansvarlig revisor skal årlig og elles ved behov gi en skriftlig eigen vurdering til kontrollutvalet om oppdragsansvarlig revisors uavhengighet (Forskrift om revisjon § 15).

Saksutredning

Ifølgje Kommunelovens § 79 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisors nærstående har ei slik tilknytning til kommunen at den kan svekka revisors uavhengighet og objektivitet. I tillegg seier forskriftas §§ 13 og 14 noe om kva for krav som skal stillast til at revisor skal vera uavhengig, og kva for avgrensingar som finst for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Iflg. kommentarar til forskrift om revisjon (vedl. 2 til Rskr. H-15/04) gjeld kravet til uavhengighet og objektivitet både revisor og revisors medarbeidarar, men kravet om dokumentasjon gjeld som nemnt i erklæringa bare oppdragsansvarlig revisor. Det er også nemnt i same vedlegg til rundskrivet at oppdragsansvarlig revisor som eit minimum skal gi ei årlig skriftlig eigen vurdering til kontrollutvalet om sin uavhengighet.

Revisors erklæring om uavhengighet gis på revisors eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men tas til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tar revisors uavhengighetserklæring for 2013 til orientering.](#)

SANDNES, 05.07.2013

Wencke Sissel Olsen
 Daglig leder

Vedlegg:
[Revisors uavhengighetserklæring](#)

[Tilbake](#)

27/13 Orientering om overordna revisjonsstrategi for rekneskapsåret 2013

Arkivsak-dok. 13/00280-1
 Arkivkode. 037
 Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	09.09.2013	27/13

U. OFF. OFL § 24

Bakgrunn

Ifølgje kommunelovas § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet vert m.a. gjennomført ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekkjer både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentere overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegger årets revisjon.

Saksutredning

I følgje forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor årlig utarbeida plan for revisjon av rekneskapet. Dette er et internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføra for å kunne bekrefte rekneskapet.

Dette er et internt arbeidsdokument, og blir derfor ikkje utlevert til kontrollutvalet. Revisor gir i staden ei munnlig orientering til utvalet om hovudtrekka i arbeidet. Opplysningar som kommer fram i møtet er unntatt offentlegheit i medhald av Offentleglova § 24.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar revisors framlegg til orientering.

SANDNES, 05.07.2013

Wencke Sissel Olsen
 Daglig leder

[Tilbake](#)

Referat-/meldingssaker:

1/13 Vedrørende besøk ved Bjerkreim kommune den 09.04.2013

Arkivsak-dok. 13/00049-5

Arkivkode. 232

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	09.09.2013	1/13

[Se vedlegg](#)

[Tilbake](#)

2/13 Kommunestyrets vedtak av selskapskontroll Interkommunalt Arkiv i Rogaland

Arkivsak-dok. 13/00052-4

Arkivkode. 217

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	09.09.2013	2/13

[Se vedlegg](#)

[Tilbake](#)